



Saksframlegg

Stipendordning Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
ADMU		
AMU		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Bakgrunn for saka:

I kommunestyret 15.05.25 bestilte kommunestyret ei sak om stipendordning for ungdom frå Fyresdal, og som tar utdanningar innafor område som vi har rekrutteringsutfordringar. Stipendordninga skulle ha eit omfang som ville utløyse bindingstid etter fullført utdanning.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for kommunen som organisasjon, punkt 8. Bruke kreative løysningar i behalde- og rekrutteringsarbeidet.

Dette er ei svært utfordrande og komplisert sak, som har særskilt mange etiske og praktiske problemstillingar. For at vi skal kunne lage ei ordning som kan fungere over tid, må det settast ned ei gruppe som kan jobbe med desse problemstillingane. Gruppa bør vere samansett av representantar frå alle dei ulike sektorane og foreiningane.

Problemstillingar gruppa må jobbe med:

- *Kvar går grensa på om det er etisk innanfor at ein 16 – 18 åring skal skrive under på ei avtale om bindingstid. Dette vil ha store konsekvensar for val moglegheitene deira 3 – 5 år fram i tid. Er dei klare for å ta slike vurderingar i denne alderen.*
- *Om vi skulle hatt ei slik ordning, ville det vore greitt at vaksne arbeidstakarar som vil jobbe i Fyresdal berre fekk tilgang til vikariat og ikkje faste stillingar fordi vi må halde stillingar opne til nokon på stipend ordning.*
- *Kva tenkjer vi rundt eventuelt saker der det vil oppstå overtalligheit.*
- *Korleis skal ein forhalda seg til saker der studenten har avtale, men det viser seg at den ikkje ynskjer fullføre utdanninga.*
- *Korleis skal ein forhalda seg pause år, sjukdom, graviditet og liknande.*
- *Korleis skal ein forhalda seg til om kandidaten ikkje utfører arbeidsoppgåvene tilfredsstillande.*
- *Kven skal ha ansvar for oppfølging.*
- *Kva for stillingar skal dette gjelde. Kva skal til for at vi kan sei vi har rekrutteringsutfordringar. Skal noko stillingsgrupper prioriterast framfor andre.*
- *Har vi gode nok kompetanseplanar i forhold til planlegging og bruk av ordninga, 5 til 10 års perspektiv.*

På bakgrunn av desse problemstillingane er vurderinga at det blir sett ned ei arbeidsgruppe til å utarbeide eit forslag til ordning. Denne gruppa leverer sak til kommunestyret hausten 2025. Gruppa bør undersøke med den aktuelle aldersgruppa kva for løysningar som dei tenkjer vil vere mest attraktivt.

Konklusjon:

Administrasjonen sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til ordning. Gruppa skal bestå av ein representant frå kvar sektor samt ein representant frå kvar av foreiningane. Det skal leverast sak til kommunestyret hausten 2025.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Administrasjonen sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til ordning. Gruppa skal bestå av ein representant frå kvar sektor samt ein representant frå kvar av foreiningane. Det skal leverast sak til kommunestyret hausten 2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Torleiv Hvistendahl
	HR-rådgjevar